



Norges Vassdrag- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Deres ref:	Deres dato:	Vår ref:	Vår saksbehandler	Dato
	21.08.2025	25/20670 - 25/158588	Åsmund Nybø Vik -	13.10.2025

Høyringsvar - uttak av grunnvatn i Ørsta kommune - fråsegn

Fylkeskommunen utgjør det regionalpolitiske nivået i det norske styringssystemet. Fylkestinget er øvste mynde.

Fylkeskommunen er på vegner av staten delegert forvaltingsmynde mellom anna innan samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvalting, naturressursforvalting og friluftsliv, men har også viktige roller som pådrivar for regional utvikling og som tenesteleverandør innan kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.

[Fylkeskommunens planverk](#) er, saman med lover, forskrifter og retningslinjer, styrande for korleis dei ulike rollene og oppgåvene blir samordna og løyste, også når vi er høyringspart i ulike saker.

Fylkeskommunen har ansvar for drift og gjennomføring av [regionalt planforum](#). Vi rår til at alle kommuneplanar blir lagt fram og drøfta der, før vedtak om offentleg ettersyn.

INNLEIING

Saka gjeld høyring sendt frå Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) om søknad frå VD Eiendom Vartdal AS om løyve etter vassressurslova til uttak av grunnvatn i Ørsta kommune. Det blir søkt om å ta ut inntil 15 liter per sekund grunnvatn i periodar på opptil fire månader per år. Vatnet skal nyttast til kjøling i plastproduksjon og som reservevatn for Nordre Vartdal vassverk. Den planlagde brønnen ligg på eit jorde mellom Storelva og Årskogvegen, og tiltaket inneber inngrep i fulldyrka jord.

MERKNADAR TIL HØYRINGA

Planfaglege merknader

Jordvern inneber å sikre at den beste jorda framleis blir brukt til å dyrke mat og ikkje omdisponert til andre formål. Matjord må sjåast på som ein ikkje-fornybar ressurs som skal takast vare på for all framtid.

I nasjonal jordvernstrategi har Stortinget fastsett eit mål om at den årlege omdisponeringa av dyrka jord må vere under 2000 dekar. Fylkestinget vedtok ved handsaminga av fylkesstrategi for 2023-2026 at den årlege omdisponeringa av dyrka jord i fylket ikkje skal overstige 100 dekar. Dette inneber at ein må vere svært restriktive med å omdisponere dyrka jord.

I følge arealressurskartet (AR5) frå NIBIO ligg dei planlagde brønnane for vassuttaket i fulldyrka jord. Brønnane skal gjerdast inn, med ein maksimal radius på 5 meter. Av omsynet til jordvernet er det viktig at brønnane blir plasserte slik at dei i minst mogleg grad beslaglegg fulldyrka jord, og at arronderinga blir best mogleg. Dette er for å sikre at den fulldyrka jorda framleis kan nyttast til jordbruksproduksjon.

Vassforvaltning

Regional plan for vassforvaltning i Møre og Romsdal vassregion 2022 - 2027 vart godkjent i Fylkestinget 7.12.2021 og av KDD 31.10.2022. Regional vassforvaltningsplan set miljømål i vassførekomstar i kyst, vatn og vassdrag og hovudmålet er god økologisk og kjemisk tilstand i løpet av planperioden. Desse miljømåla legg føringar for NVE si saksbehandling og verksemd. Planen ligg [HER](#). I det tilfelle NVE gir løyve til tiltak som dei vurderer kjem i konflikt med miljømål i planen, ønsker vi informasjon om dette.

Grunnvassførekomstar skal ha god kjemisk og kvantitativ tilstand. God kvantitativ tilstand føreset at grunnvasstanden i grunnvassførekomsten er slik at det langsiktig gjennomsnittlege uttaket ikkje overstig den tilgjengelege grunnvassresursen.

Grunnvassførekomsten [095-776-G Nordre Vartdal](#) har i databasen Vann-Nett god kvantitativ tilstand. Det er ikkje sett noko miljømål i denne planperioden. NVE må vurdere korleis tiltaket vil påverke grunnvassførekomsten.

Det er ikkje lagt ved kart som viser trase for vassleidning, men det beskrivast at den skal gå langs elva ned til eksisterande vassleidning. Det er viktig at kantvegetasjonen langs elva blir ivaretatt.

Automatisk freda kulturminne

Det er ikkje kjent at det ligg arkeologiske kulturminne på tiltaksområde, men det har heller ikkje vore utført arkeologiske registreringar på området. Nærleiken til elva kan vere både ein negativ og positiv faktor i forhold til eventuelle funn. Elvas løp kan ha endra seg, samstundes som vi veit at ein ofte har busett eller oppheldt seg i nærleiken av elvar i forhistorisk tid.

Då disse brønnane skal koplust på eksisterande sjøleidning, vil det også vere behov for ytterlegare graving utover berre brønnpunkta. Vi ønsker å ta ei felles synfaring på staden, for å sjå disse tiltaka i samanheng, og for å vurdere nærmare om ei arkeologisk registrering vil vere naudsynt. Vi ber om at tiltakshavar tek kontakt med sakshandsamar i kulturavdelinga i Møre og Romsdal fylkeskommune for nærmare avtale knytt til ei slik synfaring.

KONKLUSJON

Fylkeskommunen viser til merknadene ovanfor.

Med helsing

Åsmund Nybø Vik
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Fagsakshandsamarar

Automatisk freda kulturminne: Arve Nytun, tlf. +4771280325.
Solveig Silset Berg, tlf. +4771280384.

Mottakere:
NORGES VASSDRAGS- OG
ENERGIDIREKTORAT (NVE)